Vedtekter for Husflidhåndverkerne i Norges Husflidslag

§1

Husflidhåndverkerne i Norges Husflidslag er ei landsomfattande medlemsgruppe av profesjonelle handverkarar i Norges Husflidslag.

§2

Laget vert drifta som eit frivillig lag. Laget er medlem av Norges Husflidslag og er forplikta av vedtektene til Norges Husflidslag.

§3 Føremål

Laget har som føremål å arbeide for samarbeid mellom medlemmane, kompetanseutvikling, styrke rolla til husflidhandverkarane og deira medverknad i Norges Husflidslag.

§4 Verksemd

Ein søkjer å nå målet ved

4.1 å arbeide for å arrangere felles møteplassar for medlemmane.

4.2 å bidra til at det vert arrangert aktivitetar i samarbeid med medlemmane.

4.3 å engasjere medlemmane til deltaking i demokratiske prosessar i Norges Husflidslag.

§5 Medlemskap

Medlemskapet i laget er ope for juryerte handverkarar og handverkarar med opptak på bakgrunn av sveinebrev/fagbrev, tilsvarande utdanning, eller høgare handverksutdanning. Opptak vert gjort etter kriterier vedtatt av Norges Husflidslag sitt styre, etter råd frå styret i Husflidhåndverkerne i Norges Husflidslag. Medlemskapet er personleg.

§6 Arbeidsår

Lagets arbeids- og rekneskapsår følgjer kalenderåret.

§7 Årsmøtet

7.1 Årsmøtet er lagets øvste myndigheit og vert halde kvart år innan utgangen av mars.

7.2 Årsmøtet skal kallast inn med minst 4 vekers varsel.

7.3 Ekstraordinært årsmøte vert kalla inn med vanleg varsel når styret finn det nødvendig eller når minst 1/3 av medlemmane krev det skriftleg. Ekstraordinært årsmøte handsamar berre dei sakene som er nemnt i innkallinga.

§8 Dagsorden for årsmøtet

Styret fastset dagsorden for årsmøtet. Den skal omfatte:

a) Val av møteleiar
b) Val av to medlemmar til å skrive under protokoll
c) Årsmelding
d) Revidert rekneskap
e) Arbeidsplan og budsjett for komande år
f) Andre saker som fell inn under vedtektene.
g) Val

På årsmøtet handsamar ein berre dei sakene som er nemnd i innkallinga.

§9 Val

9.1 Det skal veljast

a) Leiar
b) 2–4 styremedlemmer
c) 1–2 varamedlemmer til styret - revisor
d) 3 medlemmer til valkomité for neste årsmøte
e) Inntil 5 delegat til landsmøtet i Norges Husflidslag med varautsending, det året landsmøtet vert arrangert. Leiar er sjølvskriven.

9.2 For å bli vald, må ein kandidat ha oppnådd meir enn halvparten av stemmene. Blanke stemmer tel med. Oppnår ingen dette ved første val, held ein omval mellom dei to som har flest stemmer. Står stemmene likt, avgjer ein valet ved loddtrekking.

9.3 Valet skal vere skriftleg dersom minst eitt av medlemmane krev det.

9.4 Det bør takast omsyn til god fagleg og geografisk spreiing på medlemmar i alle verv.

§10 Styresamansetjing

10.1 Styret til laget består av leiar og 2–4 styremedlemmer.

10.2 Leiar vert vald kvart år på årsmøtet til laget. Andre styremedlemmer vert valde for 2 år av gongen. Kvart år er halvparten av styremedlemmane på val.

10.3 Styret konstituerer seg sjølv.

§11 Styret sitt arbeid

11.1 Styret skal leie arbeidet i samsvar med vedtektene til laget og vedtaka på årsmøtet.

11.2 Styret kan oppnemne utval og arbeidsgrupper etter behov.

11.3 Det skal førast protokoll/referat frå styremøta.

§12 Kontingent

Kontingenten vert fastsett av landsmøtet i Norges Husflidslag og følgjer kontingent for hovudmedlemskap i Norges Husflidslag.

§13 Vedtektsendringar

13.1 Forslag til vedtektsendringar må sendast styret skriftleg innan 1. desember året før.

13.2 Vedtektsendringar skal godkjennast av styret i Norges Husflidslag.

§14 Oppløysing

14.1 Vedtak om oppløysing av laget kan berre bli gjort på ordinært årsmøte med 3/4 av dei gitte stemmene.

14.2 Dersom laget blir oppløyst, skal eigedelane til laget gå til Norges Husflidslag.